Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. Fylke: Nord-Tröndelag.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Höylandet.

Emne: Lauving. Bygdelag: Höylandet.

Oppskr. av: Peder Pedersen. Gard: Bröndbo.

(adresse): Höylandet i Namdal. G.nr. 87. Br.nr. 4.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ad. sp. 1. Det er nok ein og annan på dei mindre bruka som lauvar endå, om det nett ikkje er so ålment. Lauvet blir vel helst rekna som hjelpefor. Under siste verdenskrig vart det lauva heller meir enn no for tida. Og det kom vel av at okkupasjonsmakta skreiv ut mykje stråfor på gardane. For å berga buskapen mot for stor nedslakting var ein nöydd til å sanke attåt so mykje hjelpe=for som råd var. Men under verdinskrigen gjekk det hardt utover lauvskogen på annan vis og, med di gard= og skogeigarane vart på=lagde å driva fram so og so mange storfam=nar ved frå dei ymse bruk. Og da var det helst lauvskogen det gjekk utover, og jamnast den som låg laglegast til: kring gardane. Den var lettast å få fram. So i dei åra som kjem blei det nok like om lauvskog, og like om hjelpe=for å få frå han.

Da eg var ung – kring 60 år sidan, var det reint vanleg på dei fleste gardane åt dei sanka ihop mykje lauv for å livberga buskapen. Men etter=kvart som jordvidda vart auka og betre dreve og utnytta, vart det og mindre med lauving. Men heilt slutt med denne forsankinga har

1610

det altso ikkje vore.

Ad sp. 2. Når ein skildde lauve var det om å gjera at det var oppehaldsver – helst med sol og varme. Regna det under lauvinga, rekna ein med at lauvet misste noko av forverdet. Ein måtte difor innretta arbeidet slik, at ein passa på å lauve når det var godversdagar – og berre da. So snart våronna var frå seg gjort og lauvet var vel utsprunge – altso i håballa – tok ein til med dette arbeidet, både avdi folk hadde best om tid da, og avdi det var ei ålmenn meining at lauvet på den tid hadde eit større næringsverd enn seinare på sumaren. Dessutan hadde ein da større von om å få det turrt.
I gamal tid prøvde ein so sant det lett seg gjera å få undangjort lauvinga til höyonna tok til i midten av juli. For i tida heldt ein på med höyonna i om lag 5 vekor og på sume gardar enno lenger. Og da kunde ein ikkje so godt halde fram med lauvinga, både avdi lauvet hadde vorte tapt i verde, og fordi ein da jamnast laut taka til med skurden.
Her i bygda var det helst lauv av bjørk, selje, rogn og older ein sanka. Arbeidet vart nemnt med: å lauve, – lauving.

Ad. 3. I gamal tid nytta ein for det meste ein vanleg sigd, når ein lauva. Altso det same reidskap som ein nytta til å skjera kornet med. Seinare er sigden vorte avløyst av lauvkniven, som både er sterkare og kvassare. Det er denne kniven som ein jamt nyttar når ein tek beite og likeso i nepeåkeren og som eg har skrive om under emnet: å taka beite.
Eg kjenner ikkje noko til, at ein her har

1610

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2dre blad.

nytta noko serskilt reidskap til å böye ned kvistane med under lauvinga.
Heller ikkje veit eg om at folk på Töylandet har rispa lauv med handa av trea.

Ad. sp. 4: I min ungdom gjekk lauvinga for seg på to måtar: anten ved å ta „kjörv" (kjerv) eller å ta „klongalauv".
Når ein skulde ta lauvkjörv var det helst ny-vokster – nyskott – av björk, selje, older og rogn som ein nytta, og som ein skar lauv og bunta saman til eit kjörv, vel so stort som eit vanleg kornband. I eit slikt kjörv skulde ikkje toppen på kvistane vende til same sida, men om einannan so det vart omlag like mykje lauv i begge endane av kjörvet. Til kvart kjörv nytta ein to fine björk-kvistar til å binda kjörvet med. Begge desse skulde vera björksutla (kjörkl) – d.v.s. kvar av dei hadde to kvistar, som var vokse saman i eine enden. Ein stakk so den eine av „sutlån" inn i den andre, og ein fekk på den måten eit både sterkt og passeleg langt band. I gamal tid bruka ein sjeldan å hogge ned trea, når ein skulde kjörva. Hylletre er ei nemning som ikkje er kjendt her og heller ikkje eit anna namn i staden for dette, truleg av den grunn at ein ikkje bruka kviste lauv av same treet fleire vender.
Når ein derimot skulde ta klonglauv, bruka ein å hogge ned dei trea, som ein skulde „klongje" lauvet av. Etter at treet var hogge ned, vart kvistane skilde frå leggen med ei øks. Desse kvistane tok ein so i venstre handa, mens ein med högre handa „klonga" lauv dei små kvistane med ein sigd eller lauvkniv. Det var sers om å gjera å få „klongalauvet" so fint som

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1610

råd var.

Sp.sp. 5. Klonga lauvet" vart allstid torka på bakken.
Difor måtte ein so langt råd var drive med den
slags lauvinga når det såg ut til å bli ved-
haldande godver. Det ein hadde lauva den eine
dagen - breidde ein so ut på bakken dagen etter
om veret var høveleg til det. Men det måtte minst
to godversdagar til for å få klongalauvet turt
nok til å køyrast i hus. Dette lauvet vart som
oftast oppevara på fjøslemmen i små "stabba"
-hauger- for seg sjølv.
Kjørvelauvet vart og blir framleis torka på den
måten at det blir "støyrd" - staura - slik ein
gjer det med kornet. Er det store grantre i
nærleiken der ein lauvar, ~~so~~ brukar ein og
å reise lauvkjørva rundt leggen av treet,
gjerne fleire kjørv både i breidde og høgd.
Denne turkingsmåten er rekna for å vera
sers bra, da lauvet på den måten ikkje blir
so utsett for regnet.
Å hesje lauvet har ikkje vore i bruk her
det eg veit. Heller ikkje har det vore laga
lauvstakk.
Kjørvelauvet blir rekna i "trava". Ein "trava"
er 24 kjørv. I gamal tid vart rekna med
at ein vaksen mann skulde greie 4 travar
om dag og ei kvinne 3 slike.
Å lage "sutlauv" er ukjendt på desse kantar.

Sp. sp6. Kjørvelauvet blir køyrd eller bore heim so snart
det er turt. Er lauvet teke på innmarka og
soleis ikkje so langt undan uthusa blir
lauvet mykje godt bore heim i taug, da ein
på den måten ikkje missar so mykje av dei
turre blada. Ein vaksen mann skulde


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3^dje^ blad. greie ein travä i kvar bör. Hor stor ei kvende-bör var kjenner eg ikkje til, for det „svakekjønn" har ikkje vore nytta til klöjhest. her i bygda.
Saudugnad har ikkje vore i brukne.

Ad sp. 7. Det er helst på innmarka det har vorte lauva. Under lauvinga har både mann- og kvinfolka vore med, og dei har delt arbeidet slik millom seg, at ein mann har hoggi trea ned, skeld kvistane frå leggen og dregi desse saman til den staden der dei andre skal lauve – d. v. s. kvistar av små greinene til lauv.
Vo forteida plar ein alldri turka lauvet på bakkan, men og so klonga lauvet blir ^saman^ saman til vanlege kjärv, og det er gjerne karmanns arbeid å läge desse til.

Ad. sp. 8. När kjörvelauvet på den eine eller andre måten blir fört i hus – blir det jamnast stabla opp på det turre höyet, ikkje under.
Tör i teida – da ein lauva meir enn no, vart lauvet gjeve både til kru og sau – eingong kvar dag – helst om morgonen, med eit kjärv til 2 kyr, og eit kjärv for 3 sauer.
Er so ein har teke lauv no om åra – er det berre sauene som får godt av det.

Ad sp. 9. Hevketnar vi rogn og seljelauv for å vera det beste, og det som dyra er mest glad i men og so björkelauv er bra. Det har vore sagt frå gamal tid, at olderlauvet er det mest næringsrike – er so ein får ^det^ turrt utan at det kjem regn på det. Men gjer det det, blir det straks svart og tapar noko av verdet sitt.

Ad. sp. 10. Alm – er her mest ikkje på Höylandet, berre ein og annan staden inne i fjellet.

Ad. sp. 11. Felleslauving har det ikkje vore i bygda vår.

1610

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 12-15. Fell burt.

B. Lauv som rakast saman:

Om dette kan eg berre segja, at eg korkje sjølv har vore med på eller høyrt andre her i bygda har samla saman lauv med å raka det i hop frå marka.

Dei spursmåla som er sett fram undir dette punktet let eg soleis vera å svara på.

1610

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING